



Informasjon til samanslåingskommunar – etablering av felles CIM

Vi veit at mange av dykk er godt i gang med arbeidet med eit beredskapssystem for dei nye kommunane. Eit ledd i dette arbeidet er å etablere ein felles CIM. Vi ønskjer å informere litt om kva val som må takast og oppgåver som må gjerast, og om kostnadar i samband med overgang til ny installasjon.

Vi har òg laga eit vedlegg som viser aktuelle oppgåver for arbeidet med å lage felles CIM-installasjon, med litt tips og råd. Vedlegget er basert på informasjon vi har fått frå leverandøren, og våre eigne erfaringar med å lage felles CIM-installasjon. Det kan vere lurt å sjå gjennom vedlegget i samband med vurderingar de gjer for val av løysing.

One Voice er leverandør av DSB-CIM, og det er dei de må ha dialog med om dei formelle og nokre tekniske endringar. Vedlagt ligg det to skjema frå One Voice som de vil bli bedt om å fylle ut når de tek kontakt med dei.

Viktig:

- Dersom kommunen har tilleggsmodular i CIM som **ikkje** skal vidareførast, må desse seiast opp jf. avtale med One Voice.
- Dersom samanslåingskommunane har fleire eksisterande varslingsløysingar (SMS) knytt til DSB-CIM, må de avgjere kva løysing som skal vidareførast. Kommunen må sjølv syte for å seie opp eventuelle avtalar som skal avsluttast.

Uansett kva framgangsmåte de vel, vil det vere ein kostnad med den endelege installasjonen. Ei oppgåve One Voice må gjere som gjeld alle, uavhengig av kva løysing de vel, er å oppdatere delingsmatrise for rapportar. Det vil redusere tidsbruken og kostnaden per kommune viss endringa vert samkjørt for fleire. Vi ønskjer difor å koordinere endringa av oppsett til delingsmatrise for rapportar. Vi kjem tilbake med informasjon og kartlegging av kva kommunar det vil vere aktuelt for.

Kva val har de?

Det er to alternative framgangsmåtar ved etablering av ein ny felles CIM-installasjon. De kan velje å:

- Vidareføre ein av dei eksisterande CIM-installasjonane, eller
- Kjøpe ein ny installasjon (anten ein blank/tom, eller ein kopi av ein eksisterande installasjon)

Vidareføring av ein eksisterande CIM-installasjon

Det kan vere lurt å tenkje på kva installasjon som er jobba mest med, og som vil gi det beste utgangspunktet for den nye kommunen.

Hugs at CIM-installasjonen de vel å vidareføre òg må kunne nyttast av kommunen fram til samanslåinga.

Pris: Kostnad for vidareføring av eksisterande CIM-installasjon er knytt til nødvendige endringar i oppsett som leverandøren må gjere, og eventuelle tilleggsmodular og tenester som kommunen har eller bestiller. One Voice estimerer at nødvendige endringar vil ta 2-6 timer á kr 1 530 («konsulent utvikling og installasjon»). Kommunen kan sjølv gjere andre oppgåver, som t.d. overføring av kontaktar, tiltakskort og tilpassingar, eventuelt med noko rettleiing frå oss eller DSB. Det er òg mogleg å kjøpe konsulenthjelpe til desse oppgåvene frå One Voice dersom de heller ønskjer det.



Kjøpe ny installasjon

Ein ny installasjon vil gi høve til å starte med blanke ark og bygge opp installasjonen slik den nye kommunen ønskjer. De kan arbeide med installasjonen i tida fram til samanslåinga, utan å ta omsyn til at ein av kommunane skal kunne bruke den parallelt. Aktivering av den nye installasjonen skjer etter avtale med One Voice.

De vel sjølv om ny installasjon skal vere ein tom installasjon, eller om de ønskjer å kopiere ein av kommunane sine eksisterande installasjonar.

Prisen er kr. 12 500 eks. mva for sjølve installasjonen, i tillegg kjem konsulenttimar og eventuelle tilleggsmodular. Som eit minimum estimerer One Voice 2-6 timer konsulenthjelp á kr 1 530 for nødvendig oppsett («konsulent utvikling og installasjon»). Tilsvarande som ved vidareføring av ein eksisterande installasjon, kan kommunen gjere andre oppgåver og tilpassingar sjølv, men det er òg mogleg å kjøpe konsulenthjelp frå One Voice. Prisen er då kr 1 690 per time («konsulent prosjektleiing»). One Voice estimerer minimum 20 timer dersom dei skal hjelpe med ulike tilpassingar.

Tilleggsmodular

One Voice tilbyr ei lang rekke tilleggsmodular, oversikt over desse finns på One Voice sine heimesider på <https://onevoice.no/cim/moduler>.

Basisversjonen til DSB-CIM (avtalar som er inngått før 2016) inkluderer følgjande modular (gjeld for dei som vidarefører eksisterande installasjonar):

- Hendingar
- Logg
- Rapportar
- Meldingar
- Oppgåver
- Informasjonstavler
- Kommunikasjonslogg
- Planverk
- Kontakt-/ressursoversikt
- E-post
- Distribusjonslistar
- Informasjonsutveksling
- ROS-analyse
- Startside

Ved kjøp av ny installasjon i samband med samanslåing, vil basisversjonen inkludere modulane over, med unntak av ROS-analyse. I tillegg vil modulen «mobil klient» (høve til å bruke DSB-CIM på mobil og nettbrett) vere inkludert.

Kva skjer med gamle installasjonar som skal avsluttast?

Installasjonar som ikkje skal vidareførast blir automatisk sagt opp og arkivert tre månader etter samanslåing.



Administratorkurs DSB-CIM og «verkstad» for samanslåingskommunane

Vi planlegg å ha administratorkurs for DSB-CIM, med instruktør frå DSB, på Leikanger, onsdag 5. juni 2018. Dagen etter vil vi følgje opp med «CIM-verkstad». Her vil de kunne arbeide med den framtidige kommunen sin CIM-installasjon, og få hjelp og rettleiing undervegs om de ønskjer det. Vi kjem tilbake med meir informasjon og påmelding.

Dersom det er interesse for det, vil vi arrangere ein tilsvarende «verkstad» i Bergen. Vi ber om at de gir oss ei tilbakemelding dersom de er interesserte i dette.